



Ingvar Fanebust
Fonnebostvegen 156
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2203 - 16/25833

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
19.09.2016

Vedkomande etablert tilkomstveg på - gbnr 106/11 Fanebust

Administrasjonen syner til etablert køyreveg på gbnr 106/11.

I sommar vart kommunen gjort kjent med at det på overnevnte tomt var etablert ei køyrbar veg innover på Naustneset. Slik vi forstår er det gravd vekk større mengder jord før det vart planert med grus på toppen.

Området er i kommuneplanen sett av til LNF-formål, med etablert naustrekke på nordaustsiden og elles spredt fritidsbusetnad. Området ligg også innafor 100- metersbelte mot sjø.

Tiltaket som no er utført er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Samstundes må det søkjast om dispensasjon i frå pbl § 1-8 vedkomande Forbord mot tiltak i 100 meters beltet langs sjø, samt pbl § 11-6 vedkomande LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel.

I søknad til kommunen skal følgjande dokumentasjon sendast inn:

1. Søknadsskjema som tilstrekkeleg opplyse om tiltakets art og storleik.
2. Søknad om dispensasjon krev grunngjevene søknad, følg lenka for meir informasjon:
<http://www.dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/dispensasjon.pdf>
3. Nabovarsel. Alle søknader til tiltak skal nabovarslast til alle berørte partar. I nabovarsle må det også gå fram at det søkjast om dispensasjon, og kva det søkjast om dispensasjon i frå.
4. Teikningar. For at kommunen skal kunne ta stilling til søknaden må det sendast inn terrengprofilar som syner heile vegen. Samt tverrsnitt av vegen som syner maksdimensjoner av vegen.
5. Situasjonsplan. Dette er kart over området der vegen skal ligge og der korrekt plassering av vegen er teikna inn med alle naudsynte mål. Kartet må vere i målestokk 1:500.
6. Private retter. For de tomtene vegen går over må det sendast inn skriftleg samtykke i frå heimelshaver av tomta på rett til bygging av veg.
7. Tiltaket er av eit slikt omfang at kommunen vil i denne sakta krevje ansvarleg foretak. Det må difor engasjerast eit firma som kan stå som ansvarleg søker.

Skjema finn du på: www.dibk.no, under Skjema og blanetter.

Komplett søknad må sendast inn til Lindås kommune innan 31.oktober 2016.



Vi gjer merksem på at søknad om dispensasjon vert rutinemessig sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og andre aktuelle høyringsinstansar når vi mottek søknaden.

Vidare gjer vi også merksem på at dersom det ikkje er kome inn søknad etter fristen er gått ut, vert saka følgd opp med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald J. Hansen	Fonnebostvegen 128 A	5955	LINDÅS
------------------	-------------------------	------	--------

Mottakarar:

Ingvar Fanebust	Fonnebostvegen 156	5955	LINDÅS
-----------------	-----------------------	------	--------